



Aust-Agder fylkeskommune
postmottak@austagderfk.no

Vår ref.:
2016/1093-1
130

Sakshandsamar:
Eivind Berg
eivind.berg@valle.kommune.no

Dato
11.11.2016

HØYRINGSUTTALE - EIN NY AGDER-REGION

1. BAKGRUNN

I medhald av St.meld 22 (2015-2016) foreslo regjeringa at det blir gjennomført ein regionreform frå 2020 – med val til nye regionar og kommunar i 2019. (Regionreforma)

Aust-Agder og Vest-Agder fylkesting fatta vedtak om å gå i tingingar om ein ny region Agder. Tingingsutvalet har no lagt fram sin rapport og innstilling.

Kommunelova viser til at ein skal sikre funksjonsdyktig folkestyre, rasjonell og effektiv forvaltning av fylkeskommunale fellesinteresser innafor ramma av nasjonale fellesskap – med sikte på ei berekraftig utvikling.

Regionreforma fokuserer på kompleksitet og samfunnsutfordringar og kryssingar mellom nivå, sektorar og administrative grenser.

Regjeringa legg vekt på å kome fram til om lag ti folkevalde regionar som:

- sikrar funksjonelle områder kan sjåast i samanheng som grunnlag for samfunnsutviklinga
- legg til rette for breidde fagmiljø med kapasitet og kompetanse til å ivareta både noverande og framtidige oppgåver
- styrker potensiale for samhandling og dialog mellom regionale statlege styresmakter og folkevalde regionar.

Regionreforma blir og sett i samanheng med kommunereforma.

2. FAKTA

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har bedt fylkeskommunane om å fatte vedtak innan 1.12.2016.

Rapporten omhandlar m.a. formalia og prosess, tenestetilbod, økonomi, politiske system og administrative tilhøve.

Fylkestinga vedtok mandat og oppretta tingsutval. Tingingsutvalet har vore fylkesordførarane, fylkesvaraordførarane og opposisjonsleiarar. Tingingsutvalet la fram rapporten med delt innstilling.

Høyringsfristen er 11.november.

Fylkestinga vil ta stilling til om det bør etablerast ein ny region Agder i møte 13.desember.

I tillegg til høyringa vil det bli gjennomført ein innbyggjarundersøking i regi av fylkesutvala.

Hovudmålsettinga er å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for busetting og næringsutvikling både i «kystsona» og i «dei indre distrikta».

Andre mål er:

- forsterka samhandling
- sikre gode tenestetilbod i heile regionen
- behalde 3 sjukehus
- vidare utbygging av kommunikasjonane i landsdelen
- betre levekåra
- forsterke demokratiet
- utvikle det regionale folkevaldnivået til å ta på seg nye oppgåver og å utvide samfunnsutviklarrolla.

Rapporten peikar på at utfordringa med balansert folketalsvekst i alle delar av Agder og å utvikle heile regionen gjennom å understøtte komparative fortinn i dei respektive geografiske områda.

Klimaomsyn og berekraft er gjennomgåande ambisjonar. Ein legg til grunn at det skal vidareførast desentraliserte tenestetilbod, og at ein ikkje skal sentralisere tenestene, snarare tilby meir varierte og spesialiserte tilbod – særleg innafør vidaregåande opplæring.

Når det gjeld økonomi er utjamning av regionens føresetnader for å kunne tilby gode og likeverdige tenester i heile Agder drøfta. Forhandlingsutvalet legg til grunn at framtidige konsesjonskraftinntekter skal kome heile regionen til gode – etter at gjeldande avtaler utgår. Framtidige administrative innsparingar skal ikkje resultere i nedbemanning – men til utvikling av tenestetilboda og auka ressursinnsats i heile regionen.

Fleirtalsinnstillinga går inn for ein ny Agder-region og fordeling av fylkeskommunale og statlege arbeidsplasser mellom Arendal og Kristiansand. Ein tek og mål av seg til å få nye oppgåver og etablering av nye statlege arbeidsplasser lagt til regionen.

Eitt mindretal, Tellef Inge Mørland, tilrår ikkje ein ny Agder region – men med visse føresetnader heller å sjå på felles region med Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark og evt Vestfold.

Eit anna mindretal, Randi Øverland, syner til at ein ikkje har fått eit samstemt grunnlag for å få til ein sterk og samla region. På dette grunnlaget kan ikkje fleirtalsvedtaket støttast.

3. HØYRINGSUTTALE

Rapporten legg m.a. opp til at viktige samfunnsstrukturar som vidaregåande skule og satsing på kommunikasjonsårene skal vidareførast. Dette er overordna viktig for Setesdal generelt og Valle kommune spesielt.

Utgangpunktet vil sikre balansert vekst og utvikling mellom Arendal og Kristiansand.

Men utan konkretisering av nye oppgåver eller arbeidsplassar til distrikta er det vanskeleg å sjå føre seg at målet om å bidra til balansert vekst i alle delar av Agder er realiserbart på lengre sikt.

Utgreiinga legg opp til at framtidig «fristilt kapasitet» evt skal nyttast til å utvikle nye spesialiserte tenester/oppgåver i eksisterande organisasjonar. Røynslene er at spesialiserte kompetansmiljø som isolert sett er bra for heile Agder i realiteten er vanskelegare å nyttiggjere seg aktivt for aktørar i periferien. På lengre sikt vil dette indirekte verke sentraliserande og auke «gapet» om ein forsterkar ulikheita ytterlegare med nye instusjonar «in-house» utan grep for områda med geografisk avstand eller oppbygging av relevante funksjonar/kompetansmiljø der. Som minimum må det då ligge føringar for distribuerte fullverdige tenestetilbod ut til flankane. Det kan t.d vere krav til distribuerte inkubator tenester, krav til næringsnær FOU med kopling til privat og offentlege aktørar /SMB-verksemder både i by og distrikt ved løyvingar frå Regionale forskingsfond/ VRI liknande satsingar osv.

Det finst i dag tenesteområde som ikkje er publikumsretta – og der funksjonane kan ligge «fritt» i geografien. Ein føreslær difor at høvet blir nytta til aktivt å bidra til å desentralisering av funksjonar og oppgåver frå regionnivået og gjerne at ein peiker på område for utplassering av statlege verksemder til distrikta. Det er difor ei uttalt forventning til at det blir satsa på etablering av arbeidsplassar og ulike «avstandsuavhengige» tenester/ kompetansmiljø i flankane, og at dette blir konkretisert i slutthandsaminga av arbeidet. Det kan t.d. vere innafør energi, miljø, vassdrag/naturforvaltning, landbruk og grønt skifte, kulturarv og/eller reiseliv, eller anna i regionale/ nasjonale verksemder for Setesdalsregionen.

I rapporten saknar ein særleg ambisjonar og konkretisering av samfunnsutviklaroppdraget.

Kva og korleis ein vil «understøtte utvikling av komparative fortrinn», styrke interaksjonen og bidra til målretta regionalutvikling i Setesdal og i «de respektive geografiske områdene» – utan lokalisering av nye oppgåver/arbeidsplassar- eller aktiv omdisponering for å etablere offentlege arbeidsplassar og i distrikta som ikkje har pendlaravstand til kystbyane?

Setesdal regionråd si koordinerande rolle – og virkekrins innafor kompetanse, interkommunalt samarbeid, infrastruktur og ikkje minst næringsutvikling saman med lokalkjennskap/nærleik til aktørar er eit fortrinn for å yte og rigge relevante tilbod i samarbeid mellom lokale og eksterne aktørar.

Valle kommune forventar ei ordning om tilføring av rettmessig del av konsesjonskrafta tilbake til regionane der verdiane vert skapt- utan tidsavgrensing. Dagens bidrag frå konsesjonskrafta gjer det mogleg å arbeide proaktivt med satsingar som demmer opp for avstandsuremper og legg til rette for positiv utvikling på ei rekke område med god lokal forankring og samhandling, t.d. med felles ladestasjonsinfrastruktur, digitalisatsingar i t.d. helse/kommunesektor, distriktsvennlege studiar og kompetansetiltak, næringsarbeid på bedrifts- og bransjenivå osv.

Framlegget til avviklinga av konsesjonskraftavtalen i nær framtid - som i dag gir tilbakeføring av ein avgrensa del av tilførte ressursar til regionutvikling via Regionrådet og til Rv 9 er eit skuffande grep i ljøs av ambisjonar om balansert folketalsvekst i alle delar av Agder og å utvikle heile regionen gjennom å understøtte komparative fortrinn i dei respektive geografiske områda.

Dersom både dei økonomiske ressursane blir trekt ut til fellesskapsfordeling utan blikk på distriktsutfordringane – og at frigjort kapasitet i regionaladministrasjonen ikkje blir omdisponert til å forsterke apparatet i områda med mindre vekstkraft, aukar ein snarare distansen enn dynamikken og det ein kunne vente seg av innhaldet i samfunnsutviklaroppdraget.

Valle kommune forventar og lokalisering av arbeidsplasser til Setesdal i samband med slutttingingane. Utvalet burde ikkje berre tinga om fordeling mellom Arendal og Kristiansand, men fokusere på andre delar av Agder og i si tilråding gjennom konkrete tiltak.

Uavhengig av kva organiseringsform og styresett ein vel å etablere (formannskapsmodell eller parlamentarisk modell) meiner ein at det har stor verdi å vidareføre samhandlinga mellom fylkeskommunen og regionsamarbeida i ein evt ny Agderregion. Ein føreslær difor at fylkestinga nedfeller samhandlinga og dialogen etter modell mellom Aust-Agder fylkeskommune og Setesdal regionråd når det gjeld representasjon/ deltaking og administrativ og politisk samhandling på kommuneregionnivå i framtida til alle regionsamarbeida.

Valle kommune finn det og rimeleg og naudsynt å oppmode om at fleirtalsinnstillinga si føring for spesiell merksemd for styrka samfunnsutvikling i Setesdal gjennom statleg bidrag/arbeidsplassar og regional forplikting til offensiv innsats vert konkretisert.

Varig tilbakeføring av ressursar til regionutvikling til dei områda som dannar grunnlaget for vasskraftøkonomien i landsdelen og som i dag ikkje har same vekstkraft att som by-regionane er avgjerande for god samfunnsutvikling i Setesdal.

Differensiering og målretting i høve flankane kan medverke til utvikling av ein heilskapleg landsdel – der distrikta sitt potensiale blir utløyst i hop med vekstkrafta i kystbyane.

Med venleg helsing

Eivind Berg
rådmann

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.

Vedlegg

[en-ny-region-agder_rapport](#)